



Jørgen Helland  
Bøtjørnvegen 85  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6880 - 22/78871

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
14.10.2022

## **Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 425/43 Haugland**

Etter forespørsel frå deg innkome til Alver kommune 20.09.22. har kommunen utført endring av bustadhus frå bygningstype 112 einebustad m/hybel/ sokkelleilighet til bygningstype 111 einebustad.

Samanslåing av brukseiningar er eit søknadspliktig tiltak, dersom kommunen finn at bygget er omsøkt og godkjent med fleire brukseiningar tidlegare. Dette bustadhuset var opprinneleg ein einebustad frå 1955 (frå tida før plan og bygningslova (PBL)). Rundt 1970 vart det byggemeldt tilbygg der teikningane viste eit lite kjøkken og stove i 2. høgda. Dette er truleg årsaka til at bygningstypen som er registrert i matrikkelen er 112- einebustad med hybel/sokkellilighet.

Den nye planlagte bueininga i H02 var ikkje atskilt frå resten av bustaden, og det er difor ikkje eit søknadspliktig tiltak å slå saman desse bueiningane. Du opplyser at det berre har vore ei bueining her sidan huset var bygd i 1955, og i tlf samtale opplyser du at det ikkje er aktuelt at dette huset vert brukt av meir enn ein familie.

Kommunen har no sletta eine brukseininga og endra bygningstypen. Dersom det på eit seinare tidspunkt skulle verte aktuelt å etablera ei utleigeeining her, må dette meldast til kommunen. (Sjølv om det ikkje er godkjende, sjølvstendige bueiningar etter PBL, skal hyblar og utleigeeiningar registrerast i matrikkelen).

Bruksareala (BRA) og tal etasjar som er registrert er dei som var registrert i matrikkelen frå før. (frå taksering for eigedomsskatten). Gje tilbakemelding dersom det er feil ved desse registreringane.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg matikkelerapportar som viser kva som var/er registrert om bygget før og etter endringa.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

425-43-einebustad før endring  
425-43-einebustad etter endring

**Kopi til:**

NGIR Forvaltning

**Mottakarar:**

Jørgen Helland

Bøtjørnvegen 85

5937

BØVÅGEN